



Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Fakultet for naturvitenskap og teknologi
Det medisinske fakultet
Det humanistiske fakultet
Det juridiske fakultet
Det psykologiske fakultet
Fakultet for kunst, musikk og design

Utlysning Erasmus+ Global mobilitet 2025-28

Europakommisjonen og HK-DIR har lyst ut Erasmus+ Key Action 171. Utlysinga opnar for søknad om midlar til mobilitetstiltaket Erasmus+ Global Mobilitet (Mobility of higher education students and staff supported by external policy funds) for perioden august 2025 - juli 2028.

Vi vil særskilt trekke fram følgande i utlysinga:

- Det skal søkast om mobilitetsmidlar til regionar, og ikkje til land. Samstundes skal ein liste opp land og institusjonar ein vil samarbeide med, og vise korleis midlane fordeler seg per partnerinstitusjon.
- Programmet opnar for å søke om mobilitetsmidlar til studentar (studiar eller praksis) på BA, Master eller PhD-nivå eller til tilsette for undervisnings- eller praksisopphald.
- Søknaden har ein fellesdel «Quality of project design and cooperation arrangements» som vil vere felles for alle regionane ein søker om midlar til.
- For kvar region skal det svarast på spørsmåla «Relevance of the Strategy» og Impact and dissemination».
- EU-kommisjonen ber institusjonane også legge til grunn EU sin strategi for inkludering og diversitet i erasmussamarbeidet (vedlegg)

Elles viser vi til Erasmus+ Programme Guide 2024 s 41-72 og til [HK-Dir og deira nettsider](#).

I 2024 deltok fem fakultet og Studieavdelinga i søknaden og det vart søkt om mobilitetsmidlar til institusjonar i 13 land. UiB fekk tildelt € 649342 til prosjekt i landa Etiopia, Bosnia Herzegovina, Ukraina, India, Kina, USA, Jordan og Palestina.

SA legg opp til følgande prosess i søknaden:

10. desember kl 13.00 på Studentsenteret seminarrom C: Generell informasjon om programmet og førebels innmelding av landprosjekt.

13. januar kl 13.00: Møterom, Internasjonalt senter. Korleis skrive regionprosjekt.

13. januar vil også vere frist for å melde inn prosjekt som skal inngå i UiB sin felles søknad.

11. februar: Frist for forankring av landprosjekt på institutt/fakultet.

11. februar. Frist for innlevering til SA av regionprosjekt til søknaden.

Søknadsfrist for ordninga er 19. februar 2024. Kvar institusjon skal sende inn ein søknad.

Postadresse
Universitetet i Bergen
Studieavdelinga
Postboks 7800
N-5020 BERGEN

E-post
post@uib.no
Organisasjonsnummer
874 789 542

Sakshandsamar
Helge Bjørlo
Telefon: 55589241
Mobil:
E-post: Helge.Bjorlo@uib.no



SA vil koordinere arbeidet med å skrive søknaden til UiB og vil i hovudsak lage tekst til tekstboks «Quality of project design and cooperation arrangements». Avdelingane vil skrive tekstane til tekstboksane «Relevance of the Strategy» og «Impact and dissemination» for kvar av regionane som dei søker om mobilitetsmidlar til. Dersom det er fleire fakultet som søker på same region må desse fakulteta saman skrive denne delen av søknaden.

SA minner om at kvar region blir evaluert for seg. Dersom det blir søkt om midlar til ulike mobilitetsrosjekt/land i same region så vil prosjekt som er mindre godt begrunna trekke ned i forhold til prosjekt som har ein god begrunnelse. Spesielt i region 9 (Sub-Saharan Africa) veit vi av erfaring at det vil vere stor konkurranse. SA vil i dette arbeidet vurdere om enkelte landprosjekt bør utelatast frå søknaden.

Tildelte middel vil seinare bli administrert av Studieavdelinga på same måte som andre erasmusmidlar.

HK-Dir har enno ikkje publisert kor mykje midlar som blir utlyst for dei for dei ulike regionane.

Vi legg derfor ved budsjettet for 2023 som er det siste HK-Dir har publisert. Det er å forvente at budsjettet for 2025 i stor grad vil spegle budsjettet for året før.

Vi viser også til [Webinar](#) om ordninga som HK-Dir arrangerer 14. desember

Med venleg helsing

Christen Soleim
Avdelingsdirektør

Nina Gry Stein
Seksjonsleiar